

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 15. mai 2017
Møtestad: Rådhuset kl. 14.30

Møtet vart leia av: Gudmund Relling.

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad og Turid Aspehjøll

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.
Frå Norddal kommune møtte økonomisjef Anne Nygård i sak 06/17, 07/17, 08/17 og 10/17.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

**SAK 06/17
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 4. APRIL 2017**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 4. april 2017 blir godkjent.

**SAK 07/17
ÅRSMELDING 2016 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 09.05.2017 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2016 for Norddal kommune til orientering.

SAK 08/16**KOMMUNEREKNESKAPEN 2016 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 09.05.2017 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Norddal kommune sin rekneskap for 2016 blir godkjent.

SAK 09/17**PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2017 TIL 2020 – NORDDAL KOMMUNE**

Saksdokument/innstilling datert 09.05.2017 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret vedtek framlagt plan for forvaltningsrevisjon for 2017-2020
2. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å prioritere forvaltningsrevisjonar innan for ramma for overordna analyse gitt i Plan for forvaltningsrevisjon 2017-2020.
3. Kontrollutvalet kan vedta enkelte undersøkingar også på andre område enn dei som er nemnt i planen.
4. Kontrollutvalet à jourfører revisjonsplanen ein gong i året. Vesentlege endringar blir lagt fram for kommunestyret

SAK 10/17**TILSYNSRAPPORT FRÅ ARBEIDSTILSYNET, OPPFØLGING AV SAK 03/17**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 09.05.2017.

Orientering gitt av økonomisjef Anne Nygård:

Stamina Helse er engasjert for å bidra med lukking av avviket. Rådmannen har etablert ei arbeidsgruppe og Stamina Helse skal leie gruppa. Nygård meinte kommunen ville halde fristen for lukking av avvik.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å følgje opp i neste møte.

SAK 11/17

NY KOMMUNE (Saka kom opp under eventuelt)

Leiar orienterte om førebels Fellesnemnd, om prosjektleiar, om utlysing av rådmannsstilling og Fellesnemnda sine fullmakter.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Gudmund Relling
leiar
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad
medlem
(sign.)

Turid Aspehjel
varamedlem
(sign.)